



Sissel Breivold Roland
Romsdalveien 99
9537 Tverrelvdalen

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Bremanger kommune, gbnr. 41/1 m.fl. Klage på områderegulering, Holmaneset, planid. 4648 202301.

Vi viser til oversending av klagesak frå Bremanger kommune den 03.03.2026, som gjeld klage på vedtak frå kommunestyret den 18.12.2025, sak KST-049/25, godkjenning av områdereguleringsplan for Holmaneset, planid. 4648-202301.

Klagesaka må sjåast i samanheng med tidlegare oversending datert 12.05.2025, som gjaldt klage på kommunestyret sitt vedtak om godkjenning av områdereguleringsplanen for Holmaneset datert 20.03.2025, sak KST-003/25 og vårt vedtak om oppheving datert 07.10.2025, sak 2025/7561.

Vedtak

Statsforvaltaren stadfestar Bremanger kommune sitt vedtak datert 18.12.2025, sak KST-049/25, områdereguleringsplan for Holmaneset, planid. 4648 202301. Reguleringsplanen har no rettsverknad.

Bakgrunn for saka

Vi legg til grunn at partane er kjende med bakgrunnen for saka og avgrensar attgjevinga til det som er sentralt. Vi viser til gjennomgangen i vårt tidlegare vedtak i saka.¹

Planprosessen for områdereguleringa for Holmaneset starta opp i 2023. Planen legg til rette for etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk for produksjon av grøn hydrogen og grøn ammoniakk. Planen (planalternativ 2B) vart endeleg godkjent i kommunestyret den 20.03.2025, sak KST-003/25. Vedtaket er gitt utsett verknad.²

Områdereguleringsplanen vart klaga på og sju av klagane er realitetshandsama i kommunen.³ Klagane gjaldt i hovudsak naboulempar og konsekvensar for nærområdet, konsekvensane for

¹ Vårt vedtak datert 07.10.2025, sak 2025/7561.

² Bremanger kommune har gitt vedtaket delvis utsett verknad (unntak for arkeologiske utgravingar) i avgjerd datert 10.04.2025, sak 028/25. Statsforvaltaren i Vestland har i avgjerd datert 02.05.2025, sak 2023/7236, gitt heile vedtaket utsett verknad til endeleg klagehandsaming er avslutta.

³ Sju klagar er avviste på grunn av manglande rettsleg klageinteresse. Vi stadfesta avvisinga den 30.06.2025, sak 2025/10330.



naturverdiane i og rundt Holmaneset, manglande vurdering etter naturmangfaldlova, manglande alternativvurdering og andre manglar og feil i kommunen si sakshandsaming. Forslagsstillar har kommentert klagane v/advokat Ellingsen den 29.04.2025.⁴

Klagane er handsama av kommunestyret i Bremanger kommune den 17.06.2025, sak 024/25.⁵ Klagane er ikkje tatt til følge. Saka vart oversendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Statsforvaltaren i Vestland har den 07.10.2025, sak 2025/7561 oppheva Bremanger kommune sitt vedtak datert 20.03.2025, sak KST-003/25, der områdereguleringsplanen for Holmaneset er godkjent. Vi har sendt saka tilbake til Bremanger kommune for ny vurdering. I vedtaket ber vi kommunen særleg om å gjere ei grundigare vurdering etter føresegnene i naturmangfaldslova. Vi viser til vedtaket.

Ny handsaming i kommunen og oversending til Statsforvaltaren

Bremanger kommune har handsama saka på nytt, og områdereguleringsplanen for Holmaneset vart på nytt godkjent i kommunestyret den 18.12.2025, sak KST-049/25. Ny saksutgreiing omfattar nye vurderingar etter naturmangfaldslova, og kommunen viser elles til saksutgreiinga i sak KST-003/25.

Det kom inn åtte klagar på det nye planvedtaket. Alle klagane er sette fram innan fristen og alle har rettsleg klageinteresse.

1. Sissel Roland, gbnr. 36/5: Klage datert 25.01.2026, sjå også tidlegare klage datert 28.03.2025. Viser også til klagen sendt inn av advokat Sandvik.
2. Marit Dyrstad, gbnr. 36/26: Klage datert 27.01.2026, sjå også tidlegare klage datert 05.04.2025.
3. Harris Advokatfirma AS v/advokat Sandvik på vegner av grunneigarar rundt Holmaneset:⁶ Klage datert 28.01.2026, m/fire vedlegg og tilleggsmerknad datert 20.03.2026.⁷ Sjå også tidlegare klage datert 24.04.2025 m/fleire etterfølgjande merknader.
4. Trude Hessvik-Trøite, gbnr. 36/3 og 7: Klage datert 29.01.2026, sjå også tidlegare klage datert 24.04.2025. Viser også til klaga sendt inn av advokat Sandvik.
5. Norges Miljøvernforbund v/Oddekalv og Nilsen: Klage datert 29.01.2026.
6. Advokatfirma Simonsen, Vogt, Wiig AS v/advokat Aarvik på vegner av Bremanger Quarry AS: Klage datert 29.01.2026. Det er opplyst om at dei «kommer tilbake innen kort tid med et skriv hvor de enkelte klagegrunner vil bli utdypet nærmere.» Vi har ikkje motteke utfyllande opplysningar.
7. Dæhlin Sand Advokatfirma v/advokat Larsen på vegner av Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Norges Naturvernforbund: Klage datert 29.01.2026, sjå også tidlegare klage frå Naturvernforbundet nasjonal, regionalt og lokalt datert 24.04.2025.
8. Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset: Klage datert 29.01.2026, sjå også tidlegare klage datert 24.04.2025 og tilleggsmerknad datert 19.03.2026.

Klagane er handsama i kommunestyret den 26.02.2026, sak KST-005/26.⁸ Klagane er ikkje tatt til følge, og saka er sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

⁴ Forslagsstillar er Holmaneset H2 AS tidl. Fortescue Future Industries (FFI). Org.nr. 929 375 467. Representert av Advokat Ellingsen hjå advokatfirmaet Thommessen AS.

⁵ Først handsama i formannskapet den 08.05.2025, sak 038/25.

⁶ Det er klaga på vegner av Silje Dyrstad og Bjørn Haukeland, gbnr. 36/2, Sissel Dyrstad, gbnr. 36/27, Trude og Andreas Hessvik-Trøite, gbnr. 36/3 og 7, Toya Hatledal og Kristin Johanna Bratland, gbnr. 36/12, Svein Olav Hessvik, gbnr. 36/3, Ståle Martin Dyrstad, gbnr. 36/30, Anne Bjørnsen, gbnr. 41/18, Reidun Øvrebotten, gbnr. 36/16, Sissel Roland, gbnr. 36/5, Andrea Kramarova, gbnr. 36/36, Svanhild og Rasmus Leirvik, gbnr. 36/8, Linda Leirvik, gbnr. 35/41 og Magnus Leirvik, gbnr. 36/09.

⁷ Vi viser også til innsendt tilleggsdokumentasjon frå Sissel og Silje Dyrstad motteke hjå oss 20.03.2026, 06.04.2026 og 26.04.2026.

⁸ Handsama i formannskapet den 12.02.2026, sak 008/26.



Det er kravd utsett iverksetting av Bremanger kommune sitt vedtak datert 18.12.2026, sak KST-049/25. Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt utsett iverksetting av heile vedtaket, jf. forvaltningslova § 42. Departementet utsette rettsverknaden av vedtaket om områderegulering for Holmaneset, planid. 202301, til klagesaka er avgjort.⁹

Statsforvaltaren har også fått ei rekke telefonar, e-postar og skriv frå personar som ikkje er partar i saka. Vi har lese gjennom all relevant informasjon og tatt dette med i den samla vurderinga. Det aller meste av den informasjonen vi har motteke, er også omfatta av klagane som er til handsaming. Det er også registrert fleire innsynkrav knytt til saka.

Statsforvaltaren i Vestland har motteke krav om lovlegkontroll av Bremanger kommune sitt vedtak om godkjenning av reguleringsplanen for Holmaneset, datert 18.12.2025, sak KST-049/25. Lovlegkontrollen vert handsama i eiga sak, etter at vi har handsama klagesaka her.¹⁰

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Statsforvaltaren kan under klagehandsaminga prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvaltaren leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Eventuelle planfaglege innspel frå Statsforvaltaren til kommunen om innhaldet i planen, skal i utgangspunktet gjevast i høyringsrunden, der Statsforvaltaren har høve til å fremje motsegn etter plan- og bygningslova § 5-4 flg., for å ivareta nasjonale eller vesentlege regionale interesser. Det er likevel klart at Statsforvaltaren ved klagehandsaminga av reguleringsplanar, som i andre klagesaker, har ei anna rolle, som er full prøvingstilgang- og plikt til å vurdere om lovkrav er følgde.¹¹

Forvaltningslova gjeld elles ved handsaming av saker etter plan- og bygningslova der det ikkje er bestemt noko anna, jf. plan- og bygningslova § 1-9. Etter forvaltningslova § 17 første ledd skal eit forvaltningsorgan sjå til at saka er «*så godt opplyst som mulig*» før det vert gjort vedtak, jf. også §§ 24, 25 og 33. Føresegna uttrykker eit undersøkingsprinsipp som gir det forvaltningsorganet som skal gjere vedtak i saka eit sjølvstendig ansvar for opplysninga av saka. Forvaltningsorganet sitt ansvar for at saka er tilstrekkeleg opplyst knytter seg i utgangspunktet til vedtakstidspunktet.¹²

Forvaltningslova § 24 første ledd slår fast at «*enkeltvedtak skal grunngis*». Dei krava som vert stilte til innhaldet i grunngjevinga går fram av forvaltningslova § 25. Grunngjevinga «*skal vise de reglene vedtaket bygger på*» og grunngjevinga skal «*gjengi innholdet av reglene vedtaket bygger på*» dersom det er nødvendig for at partane skal vere i stand til å forstå vedtaket. I tillegg vert det slått fast at «*[h]ovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av det forvaltningsmessige skjønn, bør nevnes.*»

Etter plan- og bygningslova § 3-3 er det kommunestyret som er kommunal planstyresmakt og som har ansvaret for arbeidet med kommunale reguleringsplanar. Det er kommunestyret som etter ei

⁹ Vår ref. 2026/91, vi gav delvis utsett verknad. Departementet sin ref. 26/637-2 datert 04.03.2026.

¹⁰ Vår referanse 2026/4473, krav om lovlegkontroll motteke 02.03.2026.

¹¹ Sjå mellom anna SOM-2009-1402 og SOM-2022-3102.

¹² Jf. SOMB-2022-3102.



omfattande vurdering av dei ulike omsyna i planområdet, avgjer kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

Reguleringsplanar vert til gjennom ein omfattande avgjerdsprosess. Plan- og bygningslova §§ 12-8 til 12-10, jf. kap. 4, har nærare føresegner om korleis framlegg til reguleringsplanar skal handsamast. Sakshandsamingsreglane som gjeld for utarbeiding og endring av arealplanar, skal sikre demokratiske omsyn som medverknad, offentlegheit og samråd med dei planen får følgjer for. Planarbeid skal i samsvar med plan- og bygningslova § 1-1 fremje målsettinga i lova om berekraftig utvikling til beste for den enkelte, for samfunnet og framtidige generasjonar. Reguleringa skal byggje på det som kommunestyret ser på som den mest gunstige arealdisponeringa ut frå ei samfunnsmessig heilskapsvurdering. I planleggingsprosessen må ulike interesser, fordelar og ulemper vegast mot kvarandre. Dette vil regelmessig føre til at planane får negative konsekvensar for enkelte.

Den primære oppgåva til Statsforvaltaren som klageinstans for kommunale planvedtak, er å ivareta rettstryggleiken til den enkelte. Dette omfattar mellom anna å kontrollere at planvedtaket er lovleg, at saka er forsvarleg opplyst, og at sakshandsamingsreglane i plan- og bygningslova, medrekna føresegnene om medverknad, er følgde. Statsforvaltaren kan oppheve vedtaket og returnere saka til kommunen for ny handsaming, og eventuelt ei ny vurdering av arealbruken. Dette føreset at det er gjort feil som gjer vedtaket ugyldig.

Statsforvaltaren skal også kontrollere at skjønnet er lovleg, altså at resultatet bygger på saklege og relevante omsyn, og at avgjerda ikkje fører til eit kvalifisert urimeleg resultat. Det siste skal mykje til, ikkje minst i plansaker, der utgangspunktet er at grunneigarane må tole både arealrestriksjonar og inngrep på eigedomane sine, dersom kommunestyret har kome til at andre omsyn veg tyngst.

Statsforvaltaren skal vise varsemd med å overprøve dei konkrete arealbruksvurderingane i planvedtaket. I saker der det ikkje ligg føre motsegn frå offentlege sektorstyresmakter, ligg det i utgangspunktet til kommunestyret å ta stilling til dei ulike interessene og konfliktane, med mindre standpunkta saknar forsvarleg grunngjeving. Avgjerda om framtidig arealbruk bygger på både planfagleg og lokalpolitisk skjønn, der kommunestyret sine eigne avvegingar må gjevast stor vekt, jf. forvaltningslova § 34 andre avsnitt.

Dersom det blir gjort sakshandsamingsfeil under arbeidet med ein reguleringsplan, vil vedtaket likevel kunne vere gyldig når det er grunn til å rekne med at feilen ikkje kan ha påverka resultatet i saka, jf. forvaltningslova § 41.

Statsforvaltaren si vurdering

1. Innleiande avklaringar for klagehandsaminga

Statsforvaltaren finn at saka er tilstrekkeleg opplyst til å gjere vedtak, jf. forvaltningslova § 33. Saka gjeld klage på områdereguleringsplan for Holmaneset.

Det er planlagt for etablering av ammoniakk- og hydrogenfabrikk.¹³ Vi viser til Bremanger kommune sitt saksframlegg, med tillegg etter formannskapet si handsaming datert 04.12.2025, sjå vedtaket datert 18.12.2025 sak 049/25, s. 12. Der det går klart fram at «*Av føresegnene til planen (pkt. 1) går det klart fram at området skal nyttast til hydrogen- og ammoniakkproduksjon, og at planen ikkje opnar for tiltak på Holmaneset dersom ikkje planane om hydrogen- og ammoniakkproduksjon vert realisert.*»

¹³ Vi er kjent med brev datert 20.04.2026, der det er antyda at det er aktuelt å byte formål til etablering av datasenter. Dette er ikkje omfatta av denne reguleringa eller klagesaka.



Det er i fleire av klagane vist til tidlegare innsendte klagar knytt til første klagehandsaming av reguleringsplanen for Holmaneset. Vi har alle klagane og vil ta omsyn til og vurdere også dei klagepunkta som er oppretthaldne frå tidlegare klagar.

Det er hevda at reguleringsplanen skulle vore ute på ny høyring og offentleg ettersyn der alternative lokasjonar var tatt med. Det er vist til at lokasjonsstudie for Smørhamn og Ålfoten er utarbeidd etter at planforslaget var på høyring og offentleg ettersyn, vidare at kravet til medverknad difor ikkje er stetta og at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova § 17. Vidare er det hevda at dette kan ha verka bestemmande på resultatet i saka, jf. forvaltningslova § 41.

Vi viser til vår tidlegare vurdering, der vi refererer til Bremanger kommune sin kommentar til dette i vedtak datert 20.03.2025, sak 003/25. Kommunen peikar særleg på at det i ettertid av høyringa ikkje er gjort endringar i den aktuelle arealbruken. Vi har tidlegare kommentert dette slik: *«Vi viser til at kommunen etter høyring og offentleg ettersyn kan gjere mindre endringar i planforslaget, mellom anna for å imøtekomme innvendingar.¹⁴ Kommunen kan på den andre sida ikkje vedta ein reguleringsplan med endringar av vesentleg betydning for arealbruken, som høyringsinstansen og andre råka ikkje har hatt moglegheit til å uttale seg om. Vi er einige med kommunen og forslagsstillar om at etterfølgjande endringar, notat og uttalar om økologisk kompensasjon og lokasjonsvurdering, er utdjupingar og tilsvar på innkomne merknader, som ikkje direkte råkar eller endrar den planlagde arealbruken og difor heller ikkje utløyser krav om ny høyringsrunde. Framgangsmåten i plan- og bygningslova kapittel 12 må reknast som dei rettslege minstekrava til ein medverknadsprosess, og desse krava er oppfylte.»* Vi kan ikkje sjå at det er kome ny informasjon knytt til dette som gjer at vi endrar vårt utgangspunkt.

Elles viser vi til at kort sakshandsamingstid/klagehandsaming i kommunen ikkje i seg sjølv gjer handsaminga mangelfull.

Det ligg ikkje føre motsegn til reguleringsplanen slik han er vedtatt.¹⁵ Vilkåra for at kommunen kan godkjenne planen, er difor i utgangspunktet til stades, jf. plan- og bygningslova § 12-12, jf. § 12-13. Vidare vil vi gå inn på dei konkrete klagegrunnane og gjere ei vurdering av dei.

1.1. Kva er nytt i oversendinga av klagesaka frå kommunen

Bremanger kommune opplyser i oversendinga av klagesaka at *«Ny saksutgreiing omfatta i hovudsak vurderingar etter naturmangfaldslova,»* og det er elles vist til tidlegare utgreiingar, jf. sak KST-003/25. Det er ikkje henta inn ny kunnskap om naturmangfaldet i området.

Kommunen har i oversendinga sendt med si handsaming av klagane, dei åtte klagane m/vedlegg, planvedtaka KST-049/25 og KST-003/25, plankart og planføresegner oppdatert med ny vedtaksdato. Dei to saksutgreiingane må sjåast i samanheng og samla utgjer dei grunnlaget for planvedtaket.¹⁶

I sin nye handsaming av planen har kommunen vist til vår oppheving av det tidlegare vedtaket: *«Statsforvaltaren har gjort ei grundig vurdering av momenta i klagen på planvedtaket, og dei fleste klagepunkta har ikkje ført fram.»*

¹⁴ Sjå SOM-2022-1303, jf. også Innjord mfl., *Plan- og bygningsloven med kommentarer* (2020) s. 380.

¹⁵ Tidl. motsegn frå Fiskeridirektoratet og VLFK (administrativt), som begge er trekt etter tilpassingar i planen.

¹⁶ Kommunen viser til saksomfanget her <https://arealplaner.no/bremanger4648/arealplaner/93>



Avslutningsvis viser kommunen til at det i det første vedtaket, KST-003/25, pkt. 2., vart lagt til to nye føresegner under pkt. 2.12 dokumentasjonskrav (i planføresegna). Desse er no innarbeidde i planføresegna, jf. pkt. 2.12. bokstav f og g, og er difor ikkje omfatta av sjølve vedtaket.

1.2. Habilitet – Statsforvaltaren i Vestland

Det går fram av klagen sendt inn av advokat Sandvik og frå Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset at dei meiner Statsforvaltaren i Vestland ikkje kan handsame saka. Dette er grunngeve med at statsforvaltar Liv Signe Navarsete er engasjert i saka og har verv som er «*særegne forhold*» som er eigna til å «*svekke tilliten til hans upartiskhet*,» jf. forvaltningslova § 6 andre ledd, jf. tredje ledd. Det er også bedt om at departementet tek stilling til om Statsforvaltaren i Vestland er ugild, jf. forvaltningslova § 8.

Vi har oppfatta at det vert gjort gjeldande tre grunnar til at desse klagarane gjer gjeldande at tilliten til Navarsete er svekt:

1. Manglande tillit fordi Statsforvaltaren ikkje har fremja motsegn i plansaka, og at det er Navarsete sitt personlege engasjement som ligg bak denne avgjerda.
2. Manglande tillit fordi Navarsete sit i styret i Narvik Havn KF, som er påstått å ha ei interesse i saka:

«... Dette selskapet:

- Er involvert i fleire energiprojekt som involverer hydrogen og ammoniakk
- har strategiske interesser i områder som vart alternativvurdert av Fortescue (Ballangseira og Framneslia)
- er medlem i Grønt Skipsfartsprogram som har uttalt at dei håpar på ei positiv investeringsbeslutning på Holmaneset, og som blir referert til i verdiskapingsanalyse
- er medlem i same interesseorganisasjoner som Fortescue, og i organisasjoner med store interesser i hydrogen- og ammoniakk
- uttalar i ein rapport at ein fyllestasjon for ammoniakk er prioritert og at det er vanskeleg å få dialog med leverandørar av brensel (biogass, hydrogen og ammoniakk)
- har oppretta samarbeid med med AZANE Fuel solutions, som mellom anna har fått midlar til ammoniakkbunkring i Florø, for ein ammoniakk fyllestasjon i Narvik
- er med på hydrogenrelaterte-projekt der Fortescue har eigarinteresser i samarbeidspartnerar
- har ein styreleiar som eig aksjer i Cavendish Hydrogen og Nel Asa.»

3. Manglande tillit fordi Navarsete er påstått å vere nær ven med ein prosjektleiar i Bremanger kommune som har argumentert for at ammoniakkfabrikken må byggjast på Holmaneset.

Den første påstanden vart også sett fram ved førre handsaming i av klagesaka, og vi viser til vurderinga Statsforvaltaren gjorde då. Vi vil difor berre kommentere dei påstandane som er nye.

Det ligg ikkje føre automatisk ugildskap etter forvaltningslova § 6 første ledd. Etter § 6 andre ledd kan ein tenesteperson likevel vere ugild etter ei konkret vurdering:

«Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.»

Til 2: Narvik Havn KF er eit kommunalt føretak eigd av Narvik kommune. Føretaket er korkje eigar i Fortescue eller har noka økonomisk interesse i reguleringsvedtaket i saka her. Omstenda som er gjort gjeldande, er indirekte og perifere, og kan ikkje seiast å utgjere konkrete fordelar for Narvik



Havn KF. Vervet som styremedlem kan då heller ikkje utgjere noka særeige forhold som er eigna til å svekkje tilliten.

Til 3: Namnet på personen som er påstått å ha ein nær relasjon til Navarsete, går ikkje fram, og heller ikkje kva hen skal ha sagt eller argumentert med. Det er ikkje nemnt noko om at hen har ei rolle i plansaka. Navarsete kjenner ikkje til at ho har ein nær og personleg venskap med ein tilsett i Bremanger kommune som kan ha hatt ei sentral rolle i plansaka, og ser ikkje grunn til å undersøkje påstanden nærare.

Det ligg altså ikkje føre særeigne forhold som gjer Navarsete ugild, og då kan Statsforvaltaren i Vestland ta avgjerd i saka.

1.3. Habilitet – Bremanger kommune

Det går fram av fleire av klagane at klagarane ikkje har tillit til at kommunen vil gjere ei sakleg og reell handsaming av saka. Det er også hevda at fleire tilsette i kommunen og politikarar er ugilde til å ta del i utgreiinga og handsaminga av saka. Det er mellom anna vist til at det har vore tidleg og omfattande kontakt mellom kommunen (administrasjonen) og utbyggjar. Dette var også tatt opp i første klagerunde, jf. s. 6 i vårt opphevingsvedtak.

Det er i etterfølgjande dialog og dei nye klagane vist til fleire unøyaktigheiter i vår vurdering av habiliteten i Bremanger kommune. Det er særleg peika på at det ikkje berre er politikarane sin habilitet som er relevant, og at det er vel så relevant å vurdere involveringa til kommuneadministrasjonen i saka.

Kommunen skriv i klagehandsaminga at *«Det er ingen i kommuneadministrasjonen som har private interesser i denne saka. Sjølv om kommunen inngår avtale med private om utarbeiding av områderegulering, er ikkje kommunen som planmynde bunden til å vedta ein ny plan.»*

Statsforvaltaren ser at det kan synast som uheldig at administrasjonen i Bremanger kommune har engasjert seg i eit konkret prosjekt, og dels medverka til å påverka val av lokalitet. Det er likevel ikkje av eit slikt omfang at kommunen er låst, eller at tilsette i kommunen (eller politikarar) har gjort seg sjølve, eller heile kommunen, ugild til å handsame reguleringsplan- og klagesaka knytt til Holmaneset. Vi viser til at det er Bremanger kommunestyre som er planmyndigheit, og det er kommunestyret som kollegium som kan godkjenne ein reguleringsplan. Administrasjonen i Bremanger kommune kan aldri førehandsgodkjenne ein plan med bindande verknad. Vi viser til vår tidlegare vurdering.

2. Naturmangfaldlova

Vi startar med å gjere ei vurdering av om kommunen no har oppfylt krava til vurdering etter føresegnene i naturmangfaldlova. Dette er det sentrale punktet i vårt tidlegare vedtak, og tilnærma det einaste som er nytt i kommunen si nye vurdering, utover at dei har svara ut andre klagepunkt.

Bremanger kommune har i si nye handsaming av planen vist til at vi i vår oppheving har kome til at kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 er tilstrekkeleg, men at kommunen sjølv ikkje har gjort gode nok vurderingar av prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. Vidare går det fram at vegeringa av omsyna til naturmangfaldet opp mot andre samfunnsomsyn, er fråverande. Dette har kommunen følgt opp i det nye vedtaket under *«Vurdering»* og *«Kommunen si vurdering i samsvar med naturmangfaldslova § 7»*, s. 7 flg. i vedtaket. Kommunen skriv at det er gjort ein systematisk gjennomgang av prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, med vurdering og vegering av interessene.



Vi viser til at det i denne saka ikkje er tvilsamt at det er eit verdifullt naturmangfald på Holmaneset, som vil vere sterkt påverka av reguleringa og krava til kartlegging (kunnskapsgrunnlaget) og vurdering etter naturmangfaldslova er difor høge.¹⁷ Omsynet til Tennøyane naturreservat skjerpar dette kravet ytterlegare, jf. naturmangfaldlova § 49.

2.1. Kunnskapsgrunnlaget, jf. § 8, jf. § 9

Det er klagt på at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg. Det er mellom anna klagt på at det er feil og manglar i kunnskapsgrunnlaget knytt til verknadane for bekk og myr, vassmiljø/Nordgulen, Tennøyane naturreservat og at terrestrisk naturmangfald¹⁸ i influensområdet rundt Holmaneset ikkje er tilstrekkeleg utgreidd.

Kunnskapsgrunnlaget er samansett av kva naturmangfald som kan verte påverka av avgjerda, kva tilstand dette naturmangfaldet har og kva effekt avgjerda vil ha på naturmangfaldet. Hensikta med å kartlegge kunnskapsgrunnlaget er at det skal gi tilstrekkeleg informasjon for å vurdere kva vekt som skal leggjast på omsynet til naturmangfaldet. Heile Holmaneset er kartlagt, og det er kunnskap om at området har svært stor naturverdi.

Vi viser til dei vurderingane som er gjorde i vårt tidlegare vedtak s. 20 flg. som gjeld kunnskapsgrunnlaget. Vi viser også til konsekvensutgreiinga kap. 6.4.2 flg. (naturmangfald på land)¹⁹ og 6.5.2 flg. (marin økologi). Vidare er naturmangfald og naturmangfaldslova vurdert i planomtalen pkt. 8.1.2, s. 80 flg.

Vi viser til Bremanger kommune si klagehandsaming i sak 005/26, datert 26.02.2026, s. 17 flg. og kommenterer særleg det som er påpeika i klagane som gjeld kunnskapsgrunnlaget; Tennøyane naturreservat, flaggermus, vassmiljø m.m.

Det er i klagane hevda at kunnskapsgrunnlaget knytt til verknadane for Tennøyane naturreservat ikkje er godt nok. Vi viser til at omsynet til Tennøyane som er eit fuglereservat med strengt vern, er viktig og verknadane skal takast omsyn til i vurderinga av reguleringsplanen på Holmaneset.

Tennøyane vil kunne bli påverka av lysforureining, støy, auka skipstrafikk, nitrogenutslepp frå faking og redusert næringstilgang. Det går fram av dokumentasjonen i saka at *«Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg for planområdet, sjølv om det kan vere noko mangelfullt knytt til prosjekterelatert lysureining og verknaden av auka skipstrafikk på fuglelivet i Tennøyane naturreservat. Ved vurdering av konsekvens for desse områda er «føre-var»-prinsippet lagt til grunn. Innanfor tiltaksområdet er naturmangfaldet tilstrekkeleg kartlagt, slik at «føre-var»-prinsippet ikkje kjem til bruk.»*²⁰

Ut frå vår vurdering er det utvilsamt at det er viktig naturmangfald på Tennøyane, samtidig som det er tvil om konsekvensane tiltaket vil få for naturverdiane på Tennøyane naturreservat. Usikkerheita skuldast ikkje manglande kunnskap om kva naturverdiar som kan verte råka, men mangelfull kunnskap om korleis det aktuelle tiltaket vil påverke dei kartlagde naturverdiane og i kva omfang. Denne tvilen kan kome sjølv om kunnskapsgrunnlaget er vurdert å vere oppfylt.

¹⁷ Sjå t.d. planjuss 1/2012 side 4, <https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kdd/nyhetsbrevfrakmd/planjuss/planjuss-12012/id669326/> Jf. også SOMB-2024-1708.

<https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kdd/nyhetsbrevfrakmd/planjuss/planjuss-12012/id669326/>

¹⁸ «Alt biologisk mangfald som er knytt til landjorda.»

¹⁹ Sjå også figur 6-2 og 6-3 som viser influensområdet.

²⁰ Sjå planvedtaket datert 20.03.2025, s 18. Dette går vidare fram av konsekvensutgreiinga pkt. 6.4.9.



Dette er ivareteke gjennom føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, som peikar på at det skal «*tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet.*» Vi meiner føre-var-prinsippet gjer seg gjeldande for verknadane på naturmangfaldet på Tennøyane, og at potensiell verknad er «*vesentleg*» fordi det er eit naturreservat med verdifullt naturmangfald.

I denne saka er det gjort avbøtande tiltak for å gjere potensielle skadeverknader for Tennøyane så små som mogeleg. Vurderinga og dei avbøtande tiltaka er knytt til lysforureining (lyssettingsplan), støy, næringstilgang, luftforureining og utslepp. Slik vi ser det er det tenkjeleg med skade på Tennøyane naturreservat, men mindre sannsynleg med vesentleg skade. Omsynet til ei mogeleg risiko må likevel takast med når omsynet til naturmangfald skal vegast opp mot andre samfunnsomsyn.

For det som gjeld flaggermus (Nordflaggermus – sårbar, VU) viser vi til at det i klagen er peika på at det har vore observasjonar på andre sida av fjorden, men ikkje på Holmaneset. Det følgjer av registreringar i artskart.no at det er gjort registreringar av Nordflaggermus mellom Nordgulen og Midtgulen, også like ved Holmaneset. Dette er fanga opp i konsekvensutgreiinga, jf. pkt. 6.4.3, s. 57. Nordflaggermus er Noregs vanlegaste og geografisk mest utbreidde flaggermus, men arten er altså raudlista som sårbar. Nordflaggermus er nemnd i konsekvensutgreiinga s. 75, der det går fram at det ikkje vart gjort observasjonar under feltundersøkingane. Det går vidare fram av utgreiinga at Holmaneset sin verdi som hekkeområde for flaggermus ikkje kan oversjåast på grunn av bruken av gammal skog og holrom i tre, men at Holmaneset sannsynlegvis ikkje har nokon spesiell verdi som beitehabitat for flaggermus. Det er sannsynleg at flaggermus ved ein eventuell påverknad vil finne andre eigna område. Det er difor ikkje grunnlag for å tru at ei utbygging vil vere ein trugsel mot flaggermus eller i strid med Eurobats-avtalen.

For det som gjeld vassmiljøet på Holmaneset viser vi til vårt tidlegare vedtak s. 14, der vi skriv: «*Når det gjeld bekken, så viser vi til at han ikkje er registrert med årsikker vassføring og det er svært lite sannsynleg at bekkar på Holmaneset har årsikker vassføring. Kravet i vassressurslova om kantvegetasjon gjer seg difor ikkje gjeldande. Bekken er heller ikkje raudlista.*»

I klagehandsaminga skriv Bremanger kommune at det renn ein mindre bekk frå fylkesvegen med utløp i Olavika. Dei viser til at denne ikkje er konsekvensutgreidd særskilt, men området er kartlagt av fagkyndige, og verdiar knytt til våtdraget skal vere utgreidde. Vi ønskjer også å nemne at det ut frå bileta frå Holmaneset ser ut til at denne bekken er ein «*fastbunn i klar elv*» (som også femner om bekkar) som har raudlistestatus nær truga. Sjølv med ei presisering av dette, er det ikkje ein mangel at denne bekken ikkje er særskilt nemnd.

Vidare er det klagepunkt knytt til at Nordgulen er definert som overflatevatn etter vassforskrifta, men at det i konsekvensutgreiinga står at det ikkje er registrert overflatevassførekomstar i planområdet (med unntak av eit lite tjern). Kommunen aviser dette som feil bruk av omgrep og at verknadane for Nordgulen er konsekvensutgreidde i kap. 6.5, delområde 1. Det er også peika på at Nordgulen er ein terskelfjord der oksygenforholda kan bli reduserte som følgje av auka vasstemperatur på grunn av utslepp, som igjen kan få konsekvensar for gytefeltet for kysttorsken og ålegraset. Dette er vurdert og det er konkludert med ubetydeleg påverknad på vassmiljøet. Det er difor ikkje gjort ei vurdering av den samla belastninga på fjorden.

Det er også peika på at drikkevatn til anlegget ikkje er sikra. Vi viser til at drikkevassforsyninga skal sikrast gjennom avsalting av sjøvatn. Vidare er det ikkje registrert drikkevasskjelder som vil bli råka av eventuelle utslepp. Dette vil også vere omfatta av seinare vurderingar knytt til utsleppsløye etter forureiningslova. Vi gjer også merksam på at reguleringsplanen i seg sjølv ikkje opnar for utslepp og



alle utslepp, både til sjø og luft, krev løyve etter forureiningslova. I plansaka er det vurdert at dei inngrepa og tiltaka som er planlagde ikkje vil føre til at miljømåla for vassførekomsten ikkje vert nådd, jf. vassforskrifta §§ 4 til 7, jf. 12.

Det er klaga på at kartlegginga av lav, mose og karplanter er mangelfull. I konsekvensutgreiinga s. 49 ser vi at det i artskartlegginga er fokusert på karplantar. Det går vidare fram av registreringa frå feltundersøkinga i konsekvensutgreiinga s. 59 at «*Det ble ikke observert noen rødlistede plante-, mose- eller lavararter innenfor prosjektområdet. Heller ikke noen ansvarsarter ble observert*». Det er vist til at det er gjort funn av den raudlista soppen furustokkjuke (nær trua, NT). Den omtalen i konsekvensutgreiinga som gjeld lav, mose og sopp viser difor i stor grad til tidlegare funn som er registrert i artskart.no, der funna ikkje er gjorde på Holmaneset.

Vidare er det klaga på at det ikkje er tatt omsyn til karbonrike areal (myr) i vurderinga av reguleringsplanen, jf. rettleiarane M-1941 og M-2209, og dette er heller ikkje tatt med i klimarekneskapen. Det er myrareal på 16,5 daa i planområdet. Til dette viser vi til Bremanger kommune si klagehandsaming datert 26.02.2026, sak 005/26, s. 21 flg. jf. vurderingane som er gjorde i Bremanger kommune sitt vedtak datert 18.12.2025, sak 049/25, s. 17. Det er tatt omsyn til at nedbygging av myr skal «*unngås så langt som mulig*.» I denne saka har Bremanger kommune vurdert samfunnsnytta som større enn tapet av naturverdiar, mellom anna myr. Det er særleg vist til at for klimagassutslepp er totaleffekten av tiltaket vurdert å vere positivt sjølv om planen medfører nedbygging av myr. Denne vurderinga er basert på at føresetnaden om at grøn ammoniakk vil erstatte «grå» ammoniakk og difor kutte utslepp totalt.

Vi held fast ved at kunnskapsgrunnlaget som er lagt til grunn på tidspunktet for Bremanger kommune sitt vedtak og på tidspunktet for vårt vedtak er godt nok, jf. naturmangfaldlova § 8. Det er ikkje tvil om at det aktuelle området har eit viktig naturmangfald.

2.2. Kommunen sine vurderingar. Veking av interesser og viktige omsyn.

I kommunen sitt planarbeid skal det kome til uttrykk korleis prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 er vekta opp mot andre omsyn. På grunn av at det er eit viktig naturmangfald på Holmaneset, meiner vi at kravet til vurderinga av prinsippa i naturmangfaldlova er skjerpa og at det må gjerast grundige vurderingar og avvegingar.

Det er det forvaltningsorganet som gjer vedtaket, som er ansvarleg for at eksisterande kunnskap vert lagt til grunn og at vurderinga av dei andre prinsippa er gode nok. Dersom det er skjedd endringar i kunnskapsgrunnlaget eller vurderingane ikkje er gode nok, må forvaltningsorganet sjølv gjere vurderinga. Sjølv om omsynet til naturmangfald er det same i alle saker, kan avvegingane bli forskjellige ut frå kva andre omsyn, t.d. samfunnsinteresser, som gjer seg gjeldande.

Vi viser til vår vurdering i tidlegare vedtak s. 22 flg. Vi kom til at det ikkje er gjort gode nok vurderingar av prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12, og vekinga opp mot andre samfunnsomsyn er meir eller mindre fråverande. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til føresegna, presentere funn frå konsekvensutgreiinga og stadfeste at føresetnadane i føresegna er stetta for det som gjeld sjølve planområdet og området rundt, inkludert Tennøyane naturreservat.

Vi skreiv at «*Det er i planomtalen vist til §§ 8 – 12, men det er etter vår syn berre ein presentasjon av faktiske omstende, inga vurdering eller veking opp mot andre omsyn. Vi saknar difor ei reell vurdering av prinsippa i naturmangfaldlova utført av kommunen og ei systematisk gjennomgang av desse i lys av §§ 8 – 12, med både vurdering og veking, slik lova krev. Dette må også omfatte naturmangfaldet på land, i sjø og i omkringliggjande område, særleg Tennøyane naturreservat.*»



Vi vil innleiingsvis peike på at Bremanger kommune si vurdering og veging nødvendigvis må bygge på den informasjonen som ligg føre i kunnskapsgrunnlaget, konsekvensutgreiinga m.m. Det er vil difor til ei viss grad vere ein presentasjon av den informasjonen som ligg i plandokumenta. Det som kommunen sjølv må gjere, er å gjere ei interesseavveging av den kjente informasjonen og grunngje korleis og kvifor ein har vurdert og vekte slik det er gjort.

Bremanger kommune viser til at «*Ny saksutgreiing omfatta i hovudsak vurderingar etter naturmangfaldslova,*» sjå s. 7 flg. i Bremanger kommune sitt vedtak 049/25, datert 18.12.2025. Vi viser også til klagesakshandsaminga datert 26.02.2026, sak KST-005/26.

Det vi skal ta stilling til no, er om desse nye og, ifølgje kommunen, meir grundige vurderingane og vegingane oppfyller krava i naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8 til 12. Vurderinga av prinsippa i naturmangfaldlova skal går fram av avgjerda og dette inneber ei utvida grunngjevingsplikt. Innhaldet i vurderingane skal også gå fram av avgjerda.

Det er innleiingsvis i kommunen si vurdering vist til at kunnskapsgrunnlaget viser at planen opnar opp for svært stor negativ konsekvens for terrestrisk biologisk mangfald; arealbeslag, tap av habitat og viktig natur. Vidare er det peika på at tiltaka planen opnar opp for vil ha noko negativ konsekvens for marin økologi.

Det går fram av klagane at tiltaket utgjør ein reell risiko for negative konsekvensar for Tennøyane naturreservat, marine naturtypar, verneverdig furuskog og regnskog, vasskvalitet, vassførekomst i området og naturmangfald utanfor planområdet. Verken Bremanger kommune eller Statsforvaltaren er uenig i dette. Det sentrale i saka er korleis desse konsekvensane er vurderte og vekta opp mot andre interesser.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 seier ingenting om korleis ein skal vege ulike samfunnsinteresser mot kvarandre. Vi viser til at veginga av naturmangfaldet i dei fleste tilfelle vil vere relativ. Den same naturverdien kan ha ulik vekt avhengig av kva andre interesser han blir vurdert mot. I denne saka har naturmangfaldet svært stor verdi, og interessene dei vert vurderte opp mot er av tungtvegande framtidsretta, miljøvenleg og nasjonal interesse. Andre samfunnsinteresser kan i nokon tilfelle tilleggjast avgjerande vekt, framfor eit naturmangfald av svært stor verdi.

Vi viser i hovudsak til Bremanger kommune si vurdering og veging i vedtak 049/25, datert 18.12.2025, s. 7 flg. Der dei mellom anna skriv at «*Vurdert opp mot dagens arealbruk har tiltaka planen opnar for svært stor negativ konsekvens for terrestrisk biologisk mangfald, jf. Vedlegg 4b Vedlegg til KU. Kunnskapsgrunnlaget viser at verknadar for naturmangfaldet av tiltaka planen opnar for i hovudsak vil vere arealbeslag, og dermed tap av habitat og viktig natur.*»

Vidare er det vist til at det ikkje er raudlista naturtypar som blir direkte råka eller vil gå tapt som følgje av planen, sjølv om en gammal furuskog med svært stor verdi vil gå tapt m.m.²¹ Sjølv om desse naturtypane ikkje har eit særskilt vern, er dei viktige for det samla økosystemet. Vi vil nyansere dette

²¹ Det er også vist til at tiltaket kan påverke funksjonsområdet for ei hakkespett, Tretåspett (nær truga), granmeis (sårbar) og furustokkjuke (nær truga). Det er likevel ikkje grunn til å tru at den samla belastninga kan føre til at arten si tolegrense vert overskriden.



noko. I den nye raudlista for naturtypar (2025) er skogen på Holmaneset plassert i ein kategori som er raudlista som Nær truga (NT).²²

Det har i planprosessen vore fokus på å redusere arealbeslaget til det som er absolutt nødvendig for å kunne etablere ein hydrogen- og ammoniakkfabrikk. Det er ein liten del av lokaliteten gammal furuskog på Holmaneset som skal stå att, men det er peika på at verdien av denne skogen vil bli påverka av tiltaket. Det er peika på at tiltaket som planen opnar for vil ha noko negativ konsekvens for marin økologi og vil kunne påverke området rundt. Vidare er det vist til at det t.d. ikkje vert opna opp for utfylling i eller mot Holmesundet.

Også påverknaden på Tennøyane naturreservat er vurdert og vekta. Det er mellom anna vist til at dei restriksjonane som er sette av omsyn til Tennøyane naturreservat, mellom anna for båttrafikk, går fram av verneforskrifta.²³ Forskrifta vil framleis gjelde som normalt. Desse restriksjonane er sette for å beskytte Tennøyane mot ytre påverknad. Det er framleis noko usikkert korleis verneverdiane på Tennøyane vil bli påverka av t.d. støy og lysureining frå tiltaket på Holmaneset. Det er likevel vurdert at innverknaden på verneverdiane vil vere minimal, og at det er lite sannsynleg at verneverdiane på Tennøyane vil gå tapte som følge av tiltaka planen opnar for. Verneforskrifta kan endrast dersom det trengst for å støtte meir opp om verneverdiane.

For det som gjeld den samla belastninga, jf. naturmangfaldslova § 10, viser kommunen til at det er kartlagt fleire andre førekomstar i kommunen av dei råka naturverdiane på Holmaneset (gjeld ikkje for *gammel furuskog med liggende død ved*). Det er også vist til at andre prosjekt som er planlagde i området, råkar andre typar naturverdier og -ressursar og spreiar belastninga i området. Den samla belastninga på Holmaneset er difor vurdert som akseptabel.

For det som gjeld vasskvaliteten i Nordgulen, er det vist til at denne vil vere under oppsyn gjennom vidare handsaming i tråd med reguleringsplanen, det må mellom anna søkast om fylling i sjø og eventuelle utslepp av varmtvatn. Reguleringsplanen i seg sjølv vil difor ikkje opne opp for tiltak som aukar den samla belastninga på fjord-økosystemet i Nordgulen.

Sjølv om tiltaket vil gje ein viss auke i den samla belastninga på landskapet lokalt, er denne belastninga akseptabel sett opp mot det samfunnsmessige fordelane ved tiltaket.

Kommunen har kome til at det ikkje er andre eigna lokalitetar, sjå eiga vurdering av alternativvurderinga. Når det ikkje er andre eigna lokaliseringar, skal det gjerast tiltak for å avgrense påverknaden av eit utbyggingstiltak. Det går fram av saka at det ved fleire høve og på fleire måtar er gjort tilpassingar og avgrensingar for å minimere/avgrense skadane på naturmangfaldet og avgrense inngrep til det som er strengt nødvendig, jf. naturmangfaldlova § 12. Dersom det skulle vise seg at utbygginga blir nedskalert, er det også lagt inn føresegner som sikrar at arealbeslaget blir avgrensa i tråd med nedskaleringa. Dette er sikra gjennom rekkefølgekrav i planen.

I tillegg til dette er det lagt inn eit krav om økologisk kompensasjon, jf. føresegna pkt. 2.12 bokstav g, som er det lågaste trinnet for å unngå negativ verknad.²⁴ Vi er ikkje einig i klagane der det er hevda at Bremanger kommune har «*hoppa rett til siste steget i tiltakshierarkiet.*» Vi meiner det går tydeleg fram av plansaka at det også er gjort andre avbøtande tiltak i tråd med tiltakshierarkiet; Kommunen

²² [Norsk rødliste for naturtyper 2025 Sørlig blåbær-bærlingsskog med bartrær i mellomseksjonene | Artsdatabanken](#)

²³ Forskrift om vern av Tennøyane naturreservat, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1993-05-28-467>

²⁴ Sjå vårt tidlegare vedtak s. 19.



og tiltakshavar har vurdert at det ikkje er realistiske alternative lokasjonar, ein kan difor ikkje unngå negativ påverknad og det er på bakgrunn av dette iverksett fleire avgrensingar og avbøtande tiltak. Vi ønskjer likevel å gjere Bremanger kommune merksam på at det kan vere krevjande å finne tilsvarande naturverdiar som dei som går tapt, og at det den økologiske kompensasjonen bør avklarast (med noko meir enn ein intensjonsavtale, ref. kravet om «*samtidighet*») før eventuelle tap av naturmangfaldet på Holmaneset. Det er difor uheldig at den økologiske kompensasjonen i føresegna pkt. 2.12 bokstav g er knytt til «*søknad om igangsetting av tiltak innanfor planområdet*» og at det ikkje er krav om at dette skal vere på plass på eit tidlegare tidspunkt. Vi viser til at kommunen seinare i vedtaket skriv at «*eventuell økologisk kompensasjon for tap av gammal furuskog*» skal gjennomførast og dekkast av tiltakshavar. Vi er usikre på kva som ligg i «*eventuell økologisk kompensasjon*,» og om dette kan tolkast slik at det ikkje er eit krav frå kommunen si side. Vi vel likevel å tolke utsegna slik at «*eventuell*» viser til ein situasjon der det viser seg at det ikkje er mogeleg å kompensere eit eventuelt tap. Det synest elles som at føresegna pkt. 2.12 bokstav g er tydeleg på at det i samarbeid med Bremanger kommune skal utarbeidast ein plan for økologisk kompensasjon.

Det skal vidare brukast eigna metodar og teknikkar, og dette er sikra gjennom krav om avbøtande tiltak, krav til anleggsgjennomføringa og miljøoppfølgingsplan. Tiltakshavar er ansvarleg for å gjennomføre og koste tiltaka, jf. naturmangfaldslova § 11.

Det er gjort innskrenkingar i planområdet, det er gjort avbøtande tiltak for å verne viktige naturverdiar i sjøen og det er gjort vurderingar og vingingar av det svært viktige naturmangfaldet på land opp mot andre samfunnsinteresser. Det er avslutningsvis i kommunen si vurdering og vinging konkludert på følgande måte: «*Etablering av ammoniakkproduksjon på Holmaneset vil gje ei lokal utnytting av kommunen sitt fortrinn som kraftprodusent, og vere med å bidra til å stette behovet for nye energiberarar, spesielt til transportsektoren og skipstrafikken. Gjennom produksjon av grøn ammoniakk vil vi få utnytte kommunen sine fordelar med god tilgang på fornybar energi og i tillegg til lokal næringsutvikling og arbeidsplassar, vil tiltaket bidra til redusert karbonavtrykk frå ammoniakkproduksjon og på sikt reduserte klimagassutslepp frå skipsfart. Dette vil igjen vere viktig for vidare CO2-reduksjon i Noreg sin klimarekneskap. Omsyna for å realisere planen er etter dette vurdert å vege tyngre enn omsyna til naturmangfaldet, og det blir difor tilrådd å godkjenne områdereguleringsplanen.*»

Vi viser til at avgjerda om å sette omsynet til sterke naturverdiar til side er basert på at Bremanger kommune har vektat samfunnsinteressene lokalt og nasjonalt som større enn dei lokale ulempene ved nedbygging av naturen på Holmaneset.

Det synest som klart at alle forstår at det er svært viktige naturverdiar som blir nedbygde, og at tiltaket vil kunne få lokale konsekvensar for omkringliggande naturmangfald. Det må likevel leggjast vekt på tilrettelegging for næringsutvikling, grøn omstilling og arbeidsplassar.

Vi meiner kunnskapsgrunnlaget, vurderingane og interesseavvegingane er gjort godt nok greie for i kommunen si vurdering, og det går tydeleg fram av vedtaket korleis Bremanger kommune har kome til sin konklusjon. Plikta til å synleggjere korleis prinsippa i naturmangfaldslova er vurderte, i kva grad dei er relevante og kva vekt dei er tillagde, er ivareteken i Bremanger kommune sitt vedtak.

Ei godkjenning av reguleringsplanen er ikkje einslydande med at det blir etablert hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset. Det er i reguleringsplanen og byggesakssystemet lagt til grunn at det vil krevjast fleire løyve før ei eventuell igangsetting av tiltaket. Etter vårt syn er det teke tilstrekkeleg omsyn til at naturverdiane på Holmaneset ikkje skal bli skadelidne dersom det ikkje blir aktuelt å etablere hydrogen- og ammoniakk fabrikk, eller dersom tiltaket blir nedskalert.



Etter ei samla vurdering meiner vi at det er synleggjort korleis prinsippa i naturmangfaldlova er vurderte og vekta. Det er synleggjort i tilstrekkeleg grad kva som er konsekvensane for naturmangfaldet, og dette er vurdert opp mot andre interesser. Vedtaket, inkludert vurderinga etter naturmangfaldlova, synest difor som både open og noko som kan etterprøvast. Naturmangfaldet har påverka dei vurderingane som er gjorde, men dei inngripande konsekvensane har likevel blitt vurderte som ikkje avgjerande for det endelege resultatet i saka, eller til hinder for å kunne godkjenne planen.

3. *Samfunnsnytte, naboulempen og andre ulemper knytt til etableringa av fabrikk*

Det er i fleire av klagane peika på og oppretthalde at det feilaktig er lagt avgjerande vekt på samfunnsnytta og -interessa, utan at dette synest som godt nok dokumentert. Det er difor stilt spørsmål til kor mykje vekt ein kan legge på påstått udokumentert og omdiskutert samfunnsnytte. Vidare er det peika på at etableringa av hydrogen- og ammoniakkfabrikk vil medføre vesentlege nabo- og miljøulempen, mellom anna støv-, støy-, luftureining, auka trafikk, auka skaderisiko, forringa utsikt, forringa moglegheit til friluftsliv og ro. Folkeaksjonen har også peika på at planen får store konsekvensar for born og unge (t.d. bruk av området og bulyst), og at dei ikkje er høyrde eller tatt omsyn til.

Det er mellom anna vist til at det ikkje er dokumentert at samfunnsnytta er større enn dei langsiktige miljøkostnadane ved frigjerings av myr og nedbygging av natur (netto samfunnsnytte og klimarekneskap). Det vert hevda at bruk av ammoniakk er ei usikker klimaløysing med store ulemper, og det er peika på at også forslagsstillar sjølv vurderer å endre planane sine (datasenter). Det er også vist til at det ikkje går tilstrekkeleg fram korleis ein skal nytte seg av biprodukt, konsekvensane for nærområdet og det er stilt spørsmål til om samfunnsnytta i form av bidrag til nærmiljøet (arbeidsplassar og liknande) i det heile tatt vil førekome. Det er også hevda at Smørhamn er betre eigna, då ein unngår nedbygging av myr og nasjonale naturverdiar. Her får ein også betre eigna areal for utnytting av biprodukt. Dette gjer at klimarekneskapen vert meir balansert og samfunnsnytta vert større dersom ein vurderer etablering i Smørhamn.

Vi viser først og fremst til vår tidlegare vurdering av samfunnsnytta og ulemper, jf. vårt vedtak s. 12 flg. For det som gjeld naboulempen viser vi også til dei vurderingane kommunen har gjort i planprosessen generelt, særleg i ROS og konsekvensutgreiinga.

I klagehandsaminga skriv Bremanger kommune at det er vanskeleg å kvantifisere samfunnsnytta, men at det er gjort ei vurdering av samfunnsnytta og -verknadane i konsekvensutgreiinga kap. 6.14. basert på verdimatrisa frå DFØ. Vi peikar på at det er registrert lav, liten og middels positiv påverknad og liten negativ påverknad (*helse og trivsel* og *påverknad på lokale forretningsaktivitetar*) på kort og lang sikt. T.d. *helse og trivsel* er vurdert å få negativ verknad på grunn av påverknaden på rekreasjonsområdet i og rundt Holmaneset. Den «høgste scoren» er knytt til *jobbskaping*, som på kort sikt er vurdert å ha ei middels positiv påverknad, og *befolkningsvekst og attraktivitet og lokalt næringsliv og vekst*, som på lang sikt er vurdert å ha ei middels positiv påverknad.

I tillegg til vurderinga av samfunnsnytta lokalt, er det peika på at Noreg gjennom internasjonale føringar har forplikta seg til å redusere klimagass-utsleppa. Ammoniakk- og hydrogen er grøn energi og etableringa er difor i tråd med ønskt nasjonal utvikling.

For det som gjeld naboulempen (og ulemper for dyr og verneverdiar) i for av støy- og lydforureining viser vi til at dette er grundig undersøkt og vurdert i konsekvensutgreiinga.



For det som gjeld omsynet til born og unge skriv Bremanger kommune i klagehandsaminga at dei først la til grunn kartlegging frå 2022 (i samband med kommuneplan). Det er seinare kome fram at området er meir brukt til fritids- og friluftaktivitetar enn det som først var lagt til grunn, t.d. båtutfart, fiske og bading. Dei siste innspela er tatt med i konsekvensutgreiinga og viser ei middels negativ konsekvens for friluftsliv, jf. konsekvensutgreiinga pkt. 6.8, og pkt. 6.14. Vi viser også til planomtalen pkt. 8.1.10, jf. pkt. 8.1.5. og pkt. 6.9 om friluftsliv. Påverknaden er i hovudsak knytt til generell bruk til friluftsliv og utfart. Vi meiner også at born og unge sine interesser er tilstrekkeleg høyrde, då kommunen sin representant for born og unge og ungdomsrådet er gitt mogelegheit til å uttale seg til planen.

Det går også fram av klagane at reguleringsplanen manglar gode nok vurderingar og planar for utnytting av spillvarme. Det er hevda at plasseringa av tiltaket på Holmaneset vanskeleggjer utnytting av denne ressursen, som burde vore vektlagt i alternativvurderinga. Vi viser til at det går fram av planen at det skal leggjast til rette for framtidig utnytting av biprodukta og det er planlagt for å gjenbruke mesteparten av energien internt på anlegget. Det er også vist til at tiltakshavar er pålagt å lage ei kost-nytteanalyse av mogelegheitene for å utnytte overskotsvarme, som skal godkjennast av NVE før bygging av anlegget vert sett i gong.²⁵ Vi forstår det difor slik at denne klagegrunnen framleis er ein del av prosessen, som vil halde fram også etter ei godkjenning av reguleringsplanen.

4. Manglar i ROS-analysen, utdatert QRA, manglande BAT og vurderingar knytt til beredskap.

Det er i fleire av klagane oppretthalde at ROS-analysen og vurderingane knytt til beredskap er mangelfulle.

Bremanger Quarry viser til at det er manglar i ROS-analysen, særleg til at vurderingssona på 1 000 meter (diameter) ikkje er stor nok, jf. ROS pkt. 5.1. om storulykke, jf. figur 9 (henta frå QRA). Nordsida av fjorden vert ikkje omfatta og det er særleg peika på at det ikkje er mogeleg å omdirigere skipstrafikken i området. Det er også vist til at særskilde ROS-forhold ikkje er vurderte og at dette er ein sakshandsamingsfeil, jf. plan- og bygningslova §§ 4-3, jf. 3-1 bokstav h. Det er peika på at det må vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle kva ei ROS-analyse må innehalde, t.d. vurderingar knytt til terror- og sabotasjehendingar, jf. referansen til SOMB 2017/4303.

Vi viser i utgangspunktet til våre tidlegare vurderingar, jf. vårt vedtak s. 13 flg. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Vi viser til ROS-analysen datert 14.08.2024, utarbeida av Rambøll. Analysen er utarbeidd etter krava i plan- og bygningslova § 4-3, og i samsvar med gjeldande rettleiar frå DSB.²⁶ I ROS-analysen er det også vist til at det er gjort ei kvantitativ risikoanalyse QRA, der ammoniakkutslepp er vurdert m.m.

Det skal vurderast konkret i kvar sak kva ein ROS-analyse skal omfatte og innehalde, jf. plan- og bygningslova § 4-3, jf. § 3-1 bokstav h, jf. også sivilombodspraksis SOMB 2017/4303.²⁷ ROS-analysen skal føreligge på siste plannivå, som i denne saka er knytt til denne reguleringsplanen. Det går fram av rundskriv H-5/18 at det ved siste plannivå ikkje er mogeleg å skyve nærare avklaringar av reell fare til byggesaka ved å sette vilkår for å innvilge byggesaka. Videre står det at «I byggesaken skal det

²⁵ Forskrift om kost-nytteanalyse av mulighetene for å utnytte overskuddsvarme trådte i kraft 01.04.2025. [Forskrift om kost-nytteanalyse av mulighetene for å utnytte overskuddsvarme - Lovdata](#)

²⁶ Samfunnstryggleik i kommunens arealplanlegging, <https://www.dsb.no/siteassets/rapporter-og-publikasjoner/veileder/samfunnssikkerhet-i-kommunens-arealplanlegging.pdf>

²⁷ Jf. også rundskriv H-5/18 frå departementet [H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling - regjeringen.no](#)



dokumenteres at byggverk er plassert, prosjektert og vil utføres slik at det oppnås tilfredsstillende sikkerhet mot skade eller vesentlig ulempe. Byggegrunn og tilstøtende terreng skal ikke utsettes for fare for skade eller vesentlig ulempe som følge av tiltaket. I byggesaken kreves dokumentasjon av hvordan de reelle farene som er avdekket i plan ivaretas, og ikke krav om utredning av om slike forhold foreligger.»

Vi viser til at det for denne reguleringsplanen (storulykkeverksemd) er krav om at DSB på eit seinare tidspunkt, ved bygging av anlegget og ved driftsstart, må inn å vurdere og godkjenne tiltaket. Beredskapen knytt til anlegget skal då gåast gjennom og dokumenterast på detaljnivå. Dette betyr ikkje at avklaringar av reell fare er «skyvd» til byggesaka. Dette er eit tilleggskrav for denne type verksemd.²⁸

Vi viser til at figur nr. 9 syner risikokonturen rundt anlegget og er ikkje førande for kva influensområde som er vurdert i ROS-analysen. Slik vi forstår ROS-analysen (og konsekvensutgreiinga) er det i dei fleste tilfelle lagt til grunn eit influensområde på om lag 1 000 meter i radius, som omfattar sjøområdet utanfor Holmaneset. Det er slik vi forstår det ikkje lagt til grunn ei avgrensing på om lag 1 000 meter i diameter, men opp mot det dobbelte (1 000 meter i radius rundt anlegget). Det er vist til at område på nordsida av fjorden ligg over 1 000 meter frå anlegget, og det er difor lite sannsynleg at etablert busetnad m.m. på nordsida vert råka direkte av t.d. brann i anlegget, jf. uønskt hending nr. 1 og 2 (*brann og eksplosjonsfare*.) Det same gjeld for anlegg på andre sida av Holmaneset. Bruken av fjorden er omfatta av ROS-analysen.

I ROS-analysen er det gjort vurderingar av tilsikta hendingar, t.d. sabotasje eller terrorhendingar, jf. ROS pkt. 5.6, hending nr. 17 (og 18, 19) s. 57 flg. Under vurderinga av uønskt hending nr. 2 og 3 (*eksplosjonsfare og spreiding av giftige gassar*), jf. ROS s. 24 flg., er det peika på at dette kan påverke omkringingliggande skipstrafikk som må varslast ved ei hending, og at det kan vere nødvendig med omdirigering eller stans i skipstrafikken. Vi forstår at det er vanskeleg å omdirigere skipstrafikken i Nordgulen, men viser til at dette i gitte tilfelle vil vere nødvendig (stans i skipstrafikken) sjølv om det vil få negative konsekvensar for andre verksemdar i området. Sannsynet for slike hendingar er vurdert å vere låg (1/100).

Videre viser vi til at luftforureining er vurdert i konsekvensutgreiinga pkt. 6.11, jf. også jf. figur 6-108 (luftforureining) på s. 224 i konsekvensutgreiinga, som det er vist til i klage. Denne figuren viser influensområdet for ureining i luft, inkludert hydrogenavsetting.

Det er vidare peika på at eksisterande QRA (kvantitativ risikoanalyse) ikkje er oppdatert. QRA for etableringa av ammoniakk- og hydrogenfabrikk på Holmaneset er frå november 2023. Forholdet mellom ROS og QRA er at ROS identifiserer risiko og QRA analyserer risikoen i detalj, og reknar ut sannsyn og konsekvens av uønskte hendingar, som skal gi målbare risikoverdiar. Vi viser til at QRA skal ligge føre før plan som medfører risiko vert godkjent. Det er ikkje uvanleg at QRA vert utarbeidd i prosjektfase, og oppdatert undervegs i planprosessen.

QRA frå 2023 er brukt i ROS-analysen og som grunnlag for fastsettinga av faresoner i arealplanen. Bremanger kommune meiner QRA framleis er tilstrekkeleg oppdatert, og skriv i si klagehandsaming at det i QRA vart lagt til grunn «*konserverte vurderingar av risiko, slik at risikokonturane skal vere gjeldande sjølv om det er gjort endringar i anleggsutforminga.*» Bremanger kommune er i dialog med DSB som skal gje samtykke etter storulykeforskrifta, der endeleg QRA vil bli lagt til grunn. DSB vil ikkje kunne gje samtykke dersom faresonene går ut over det som er lagt til grunn i planen.

²⁸ Jf. Storulykeforskrifta. <https://lovdata.no/pro/#document/SF/forskrift/2016-06-03-569>



Det er også etterlyst BAT-dokument i plansaka. Eit BAT-dokument skal skildre best tilgjengelege teknikkar for utsleppskontroll i industrien.²⁹ I denne saka vil BAT-dokumentet vere knytt til utsleppsløyve etter forureiningslova, og vil seie noko om kor mykje utslepp ein kan rekne med ved normal drift. Det følgjer av forureiningsforskrifta kap. 36 at BAT skal leggjast til grunn ved utforming av vilkår i løyve i medhald av forureiningslova. Dette er difor ikkje direkte relevant i plansaka. Vi viser til at det er Miljødirektoratet/DSB som skal vurdere miljøkonsekvensar og eksplosjonsfare som myndigheit etter forureiningslova og regelverket som DSB forvaltar. Miljødirektoratet er her forureiningsmyndigheit og vil vurdere løyve til forureining med utgangspunkt i kva som vert sett på som dei beste tilgjengelege teknikkane (BAT) for bransjen. Statsforvaltaren er myndigheit etter forureiningslova for utføring av anleggsarbeid i sjø.

Vi kan ikkje sjå at det er manglar i ROS-analysen for tilrettelegging for etablering av ammoniakk- og hydrogenfabrikk på Holmaneset. Vi kan heller ikkje sjå at eksisterande QRA er utdatert eller har manglar. Etter vår vurdering er risikoen ved anlegget tilstrekkeleg kartlagt på siste plannivå. Vi viser også til at risiko og beredskap også er sentralt i etterfølgjande handsaming i tråd med plan.

5. Krav til konsekvensutgreiing (KU) og lokalitetsvurdering

Det er framleis oppretthalde klagar på manglar i konsekvensutgreiinga i plansaka, særleg lokalitetsvurderinga/alternativvurderinga, jf. KU-forskrifta § 19 andre ledd og at det er lagt til grunn feil 0-alternativ, jf. KU-forskrifta §§ 20 og 21. Det er vidare peika på manglar i vurderingane knytte til sjøfugl, Tennøyane, teljingane av insekt er gjort på feil tidspunkt, det er ikkje tatt omsyn til bestandssvekking, influensområdet er for lite (1 000 meter i diameter), det er ikkje tatt omsyn til ny kunnskap om ammoniakkproduksjon, klimanytte og folkehelse, m.m.

Vi viser i utgangspunktet til våre tidlegare vurderingar, jf. vårt vedtak s. 13 flg. Det er ikkje tvilsamt at det er krav til konsekvensutgreiing for områderegeringsplanen.³⁰ Konsekvensutgreiinga for reguleringsplanen på Holmaneset, som er godkjent saman med planen, er datert 25.03.2025 og utarbeidd av Rambøll.

Det følgjer av KU-forskrifta § 20 at det skal gjerast ei skildring av «den nåværende miljøtilstanden,» dvs. 0-alternativet.³¹ Det er først brukt feil 0-alternativ, når Bremanger kommune la til grunn detaljreguleringsplanen for Holmaneset industriområde frå 2010 som den noverande statusen. Vi meiner dette er reparert i planprosessen, og viser til det vi skriv i vedtaket vårt «Vi ser også at kommunen i planvedtaket viser til at det gjennom planprosessen er kome fram ny kunnskap, som har gjort at kommunen no vurderer det som at den mest sannsynlege utviklinga av området (anna enn denne planen) vil vere at det vert liggande som i dag (utan inngrep), slik at ein bør vurdere konsekvensane opp mot dagens situasjon. Kommunen har difor lagt inn ein tabell som viser konsekvensane opp mot dagens situasjon. Konklusjonen er at reguleringsplanen vil få svært store negative konsekvensar for naturmangfald på land og noko negative konsekvensar for naturmangfald i sjø.»

Vi viser til vedlegg 4b Vedlegg 1 (feb. 2025)³² til KU som gjer ei vurdering av korrekt null-alternativ. Det er ikkje gjort endringar i KU, men dette vedlegget er meint å supplere eksisterande KU med oppdatert og korrekt null-alternativ.

²⁹ Jf. industriutslippsdirektivet (IED-direktivet, 2010/75/EU).

³⁰ Forskrift om konsekvensutredning, KU-forskrifta, FOR-2017-06-21-854.

³¹ Tolkingsuttale frå departementet: Nullalternativet etter forskrift om konsekvensutredning § 20, datert 20.05.2025, ref. 24/1775-6. Nullalternativet etter forskrift om konsekvensutredninger § 20 - regjeringen.no

³² <https://arealplaner.no/bremanger4648/arealplaner/93>



Det er klaga på at fordi sjølve konsekvensutgreiinga ikkje er oppdatert med korrekt null-alternativ, vert klimagassrekneskapen feil. I klagehandsaminga skriv Bremanger kommune at prosjektet var vurdert å ha same verknad uavhengig av kva null-alternativ som var lagt til grunn, men at verdivurderinga av t.d. klimagassutslepp samanlikna med dagens tilstand ikkje går fram av konsekvensutgreiinga. Kommunen skriv vidare at «I konsekvensutgreiinga (s 239) står det at Holmaneset i uforstyrta tilstand kan Holmaneset gje eit karbonopptak tilsvarande 2.740 tonn CO₂e (36,5 tonn CO₂e per år). Karbonet som er lagra i skogen tilsvarar 12.350 tonn CO₂e. Den totale effekten av å ikkje ta opp karbon på over 75 år og utslepp frå arealbruksendring blir dermed 15.080 tonn CO₂e for Holmaneset. Totale klimagasspåverknad samanlikna med dagens miljøtilstand vil likevel vere ein utsleppsreduksjon på om lag 15,2 mill. tonn CO₂e (lagt til 15.080 tonn CO₂e i rada «Arealbruksendringer» i Tabell 6-56 i konsekvensutgreiinga), og samla konsekvens for klimagassutslepp vil likevel vere stor positiv på grunn av den store positive konsekvensen av sluttproduktet. I klagen frå Folkeaksjonen er det vist til at myra ikkje er medrekna i utrekninga av utslepp frå arealbruksendringar, og at nedbygging av myra vil gje eit karbonavtrykk på 21500 tonn CO₂e i tillegg (i eit 75 års perspektiv). Grunna den store positive konsekvensen for sluttproduktet vil likevel total klimagasspåverknad samla ha stor positiv konsekvens.»

Vi ser argumenta knytt til klimagassutsleppa, og er einig i at det er uheldig at dette ikkje er korrigert i tråd med korrekt null-alternativ i sjølve konsekvensutgreiinga. Vi meiner likevel at nødvendig informasjon ligg i saka, og at kommunen i klagehandsaminga har gjort greie for klimagassutslepp med korrekt null-alternativ og kvifor dei likevel har kome til at total klimagasspåverknad vil ha eit positivt resultat.

Vi meiner på bakgrunn av vurderingane ovanfor at krava i KU-forskrifta § 20, jf. § 21 er stetta.

For vurderinga knytt til lokasjon/alternativvurdering, jf. KU-forskrifta § 19 andre ledd og naturmangfaldlova § 12, viser vi i hovudsak til vårt vedtak s. 16 flg. Utgangspunktet er at det skal gå fram av konsekvensutgreiinga at det er gjort ei vurdering av «relevante og realistiske alternativ», mellom anna for lokaliseringa. Vi viser til at det skal gjerast ei vurdering av alternative lokasjonar. Det er likevel berre relevante og realistiske alternativ som skal utgreiast, og det må difor gjerast ei vurdering av kva alternativ som finst. Denne vurderinga ligg i hovudsak til kommunen, og aller helst skal dette gjerast i innleiande fase av planlegginga.³³

Det er framleis hevda at det ikkje er gjort gode nok alternative lokalitetsvurderingar for plassering av ammoniakk- og hydrogenfabrikk, verken lokalt eller nasjonalt. Det er peika på at alternativ- og lokalitetsvurderinga ikkje skal vere avgrensa til kommunen, slik det er gjort i vedlegg 13,³⁴ og at denne vurderinga uansett har feil og manglar, og ikkje var kjent undervegs i planprosessen. Vidare er det i klagane vist til at det går fram av saka at det finst relevante og realistiske alternative lokasjonar, men at desse ikkje er utgreidd. I eine klagen er det konkludert med at Smørhamn samla sett er ein betre lokasjon.³⁵

Bremanger kommune held i si vurdering fast ved at det ikkje er relevante og realistiske alternative lokasjonar i Bremanger kommune, og viser til vedlegg 13 og dei vurderingane som er gjort der. Dei viser også til at det går fram av saksutgreiinga i sak KST-003/25, datert 20.03.2025 kvifor det ikkje er gjort ei fullstendig alternativvurdering, jf. vedlegg 12 og 13 som er utarbeidd i ettertid, og skal

³³ Jf. Miljødirektoratet si rettleiing M-1941 pkt. 2.2. Konsekvensutredning av klima og miljø - KU-veileder - miljødirektoratet.no

³⁴ Vedlegg 13 Vurdering av alternative lokasjonar for hydrogen- og ammoniakkfabrikk i Bremanger kommune.

³⁵ Jf. «Gas Processing Plant Smørhamn,» utarbeidd av Bremanger Hamn og Næring. Det er vist til at det i dette dokumentet går fram at ei djupvasskai vert vurdert som mogeleg i Smørhamn, og at Smørhamn både teknisk og i storleik er eigna for industriføremål.



supplere planprosessen. Bremanger kommune har gjort ei vurdering av Holmaneset, Smørhamn og Ålfoten, sidan desse har blitt nemnde i saka. Det er vidare presisert at kommunen ikkje har ledige «grå-areal» som kan nyttast og er eigna for føremålet.

I samordna fråsegn frå Statsforvaltaren datert 19.02.2025 er det halde fast ved at alternativvurderinga framleis ikkje er god nok. Vi viser til at vedlegg 13, der alternative lokasjonar i Bremanger kommune er vurdert, er datert 20.03.2025, altså etter Statsforvaltaren heldt fast ved at alternativvurderinga var mangelfull. Det er denne vurderinga av (lokale) alternativ som Statsforvaltaren tidlegare har etterlyst som ein del av planprosessen og vurderingane i planarbeidet. Etter vår vurdering oppfyller dette notatet krava til alternativvurdering etter plan- og bygningslova, jf. også KU-forskrifta.

Vurderinga av dei ulike alternativa skal bli gjort greie for og dokumenterast. Omfanget av dokumentasjons- og utgreiingskravet går ikkje tydeleg fram av føresegna. Det må likevel stillast krav til eit avgjerdsgrunnlag av eit visst omfang, der det er valt ut ulike alternativ, alternativa er skildra og vurderte, slik at det er mogeleg å ta stilling til kva alternativ som er best eigna, samla sett.³⁶ Omfanget må også sjåast i lys av kor omfattande planen er og kva konsekvensar den kan medføre. Vurderinga av alternative lokasjonar skal til ein viss grad byggje på skjønn, men det må leggjast til grunn at det skal gjerast ei forsvarleg og sakleg vurdering.

Vi tek ikkje stilling til kven som har fremja Holmaneset som ei alternativ lokasjon i kommunen. Og vi kommenterer ikkje påstanden om at ønskt lokasjon har samanheng med PPA-kraftavtale med Statskraft. Vi viser til at Holmaneset i vedlegg 12 til konsekvensutgreiinga er vurdert ut frå dei same kriteria som dei andre nasjonale alternative lokasjonane. Det er difor heller ikkje sentralt i saka når Holmaneset vart lansert som alternativ, all den tid Holmaneset er vurdert ut frå dei same kriteria. Vi er einig med Bremanger kommune i at det ikkje synest å vere andre realistiske og relevante alternative lokalitetar som skulle vore ytterlegare utgreidde.

Vi har etter ei samla vurdering kome til at vi held fast ved den vurderinga vi gjorde i vårt tidlegare vedtak. Alternativvurderinga er i tråd med krava i KU-forskrifta § 19 andre ledd. Vi er også einig i at alle alternativa og vurderingane skulle vore omfatta av høyringa, men at dette ikkje har verka bestemmande på vedtakets innhald og at det seinare er reparert.

Vi har, likt som i tidlegare vedtak, kome til at krava til konsekvensutgreiinga er stetta, jf. plan- og bygningslova § 4-2 og KU-forskrifta kap. 5.

Oppsummering

Vi viser til at det er kommunestyret som er ansvarleg for å avgjere kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til, jf. plan- og bygningslova § 12-12. Kommunen har generelt stor fridom til å vurdere arealbruken, og det skal mykje til for at kommunen sine konkrete vurderingar vert overprøvde i plansaker som ikkje utløyser motsegn.

Ut frå det som er nemnt over, vurderer Statsforvaltaren det slik at planen har vore gjenstand for ein demokratisk prosess, der sektorstyresmakter og råka partar har fått høve til å medverke. Nokre brot på sakshandsamingsreglane og manglar er reparerte i klageomgangen. Vi har også kome til at Bremanger kommune ikkje har teke usaklege omsyn i vurderinga av arealbruken.

³⁶ Sjå døme i sak SOMB-2011-709 og SOMB-2022-1343.



Klagane er på bakgrunn av dette ikkje tatt til følgje og Bremanger kommune sitt vedtak datert 18.12.2025, sak KST-049/25, der områderegeringsplan for Holmaneset, planid. 4648 202301 vart godkjent, vert stadfesta.

Planvedtaket i seg sjølv gir ikkje løyve til gjennomføring av tiltak, men dannar grunnlaget for vidare arbeid med etablering av hydrogen- og ammoniakfabrikk på Holmaneset.

Vi minner om at det i vedtak datert 04.03.2026, sak 26/637-2, frå Kommunal- og distriktsdepartementet er gitt utsett iverksetting av reguleringsplanen fram til klagesaka er avgjort.³⁷ Klagesaka er no handsama, og reguleringsplanen har no rettsverknad.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Liv Signe Navarsete
statsforvaltar

Gunnar O. Hæreid
ass. statsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboës gate 8	0183	OSLO
BREMANGER QUARRY AS	Nesbøvegen 627	6723	SVELGEN
Silje Kristin Furesund Dyrstad	Nesbøvegen 617	6723	Svelgen
Bjørn Dyregrov Haukeland	Nesbøvegen 617	6723	Svelgen
Sissel Elisabeth Furesund Dyrstad	Schweigårds Vei 15	5063	Bergen
Andreas Hessvik-Trøite	Eventyrveien 38	3055	Krokstadelva
Toya Therese Hatledal	Nesbøvegen 789	6723	Svelgen
Svein Olav Hessvik	Nesbøvegen 792	6723	Svelgen
Ståle Martin Dyrstad	Nesbøvegen 615	6723	Svelgen
Anne Bjørnsen	Furmyrhatlen 22 A	6018	Ålesund
Reidun Øvrebotten	Hans Egstads Veg 1 A	2319	Hamar
Andrea Kramarova	Sandvegen 32 C	6723	Svelgen
Svanhild Henny Leirvik	Nesbøvegen 869	6723	Svelgen
Rasmus Leirvik	Nesbøvegen 869	6723	Svelgen
Linda Leirvik	Postboks 17, Nesbøvegen 1008	6723	Svelgen
Magnus Leirvik	Nesbøvegen 870	6723	Svelgen
Kristin Johanna Bratland	Nesbøvegen 789	6723	Svelgen
HOLMANESET H2 AS	c/o CSC (Norway) AS Postboks 2051 Vika	0125	OSLO
ADVOKATFIRMAET THOMMESSEN AS	Postboks 1484 Vika	0116	OSLO

³⁷ Vår ref. 2026/91, vi gav delvis utsett verknad. Departementet sin ref. 26/637-2 datert 04.03.2026.



Mottakerliste:

Sissel Breivold Roland	Romsdalveien 99	9537	Tverrelvdalen
Marit Nyvang Dyrstad	Lundenvegen 29	6770	Nordfjordeid
Trude Hessvik-Trøite	Eventyrveien 38	3055	Krokstadelva
DÆHLIN SAND ADVOKATFIRMA AS	Postboks 604 SENTRUM	0106	OSLO
FOLKEAKSJONEN MOT ETABLERING AV HYDROGEN- OG	c/o Sølvi Solvang	6723	SVELGEN
AMMONIAKKFABRIKK PÅ HOLMANESET	Trostevegen 14		
ADVOKATFIRMAET SIMONSEN VOGT WIIG AS	Postboks 2043 Vika	0125	OSLO
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
HARRIS ADVOKATFIRMA AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN